

Meland kommune

Dag og Åse Sudmann  
Hjelten 45  
5918 Frekhaug

Flatøy 29.09.2014

### **Merknad til arealdelen av kommuneplan**

Vi vil komma med merknad til område N\_2 (138) på Flatøy i arealdelen til kommuneplanen.

Den eksisterande reguleringsplanen for Flatøy Vest er frå 1989 og er ikkje i tråd med dagens verdiar, der naturmangfald, dyrkingsjord, reint vatten, naturområde for rekreasjon, viktige kulturminne og kulturmiljø er viktige verdiar som kommunen vil ta vare på og føra vidare til kommande generasjonar. Det området som er merka av på planen til utviding av næringsverksemد er eit viktig område for fleire av desse verdiane og bør difor ikkje utvidast meir. Kort kan me ramsa opp nokre eksemplar på verdiar:

- *kulturminne og kulturmiljø*

Naustmiljø

Gamal dampskipskai

Den indre farleia Sjå link: [www.bjerknes.uib.no/filer/804.pdf](http://www.bjerknes.uib.no/filer/804.pdf)

-*naturmangfald*

Gyteområde

Strandsone/tilkomst til sjø

Observasjon av raudlista arter i tiltaksområdet

- *naturområde for rekreasjon*

Fritidsbåtar/Småbåthavn på Lillebergen

Padleklubb

Håøy friluftsområde

Tilkomst til sjø på Flatøy vest er i dag for allmenna. Det er berre området til Frank Mohn som er inngjert og utilgjengeleg.

Kai området der ferga og båt la til før, er i dag ein fin plass for å plukka opp folk som vil vidare sjøvegen. På Hjelten helt Norhordland padleklubb til og har god tilgang til sjø både for funksjonsfriske og funksjonshemmede. Området vert og brukt som badeplass om sommaren. Dersom områda vert omgjort til industriområde slik som vist i på kartet, vil det ikkje være tilgang til sjø for allmenna i det heile i den rolige og mykje brukte Flatøyosen.

I Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland står det at Allmenn tilkomst og opphold i strandsona vert i aukande grad hindra av stengesel og inngrep av ulike slag. Det trengst difor ei restriktiv haldning hos kommunane når dei handsamar saker som gjeld strandsona.

I kommunen sin Planskildiring punkt 3.1.6, viser ein til at allmenn tilgang til strandsona skal sikrast gjennom arealplanlegginga.

Vår meining er at tilgang til sjø for allmena ikkje er tatt omsyn til i arealdelen av kommuneplanen og må vurderast på nytt når det gjelder næringsområde N-2 (138) på Flatøy.

Flatøyosen har dårlig utskifting og er alt belasta med utslepp frå småbåthamn og andre kilder, og er difor sårbar overfor meir forureining. Utvidinga av industriområdet som er vist i arealplanen vil stenge gjennomstrømmingen i sundet mellom Flatøy og Gudmundsholmen, dette kan få konsekvensar for Flatøyosen og gjera området til et mindre attraktivt stad for friluftsliv og bruk av sjø. Dette er et ikkje-reversibelt tiltak. Her bør ein bruke førevar prinsippet.

Meland Kommune har i arealplanen kome med forslag om å utvide eksisterande industriområde med 83 dda, 65 dda som utfylling i sjø og 18 dda på land.

Dette er en kraftig utviding i forhold til eksisterande reguleringsplan, som i dag har et potensiale til utviding etter gjeldene reguleringsplan på 11 dda. Me stiller oss difor undrande til det som står i konsekvensutredninga, <stor delar av området ligg i dag innanføre reg.plan 19890001 "Reguleringsplan for Flatøy vest".>

Ei stor utviding av eksisterande industriområde på Flatøy er ikkje i samsvar med resten av arealplanen i området, der det er lagt stor vekt på Håøy som eit område med særskilt verdi for friluftsliv, sjøsport senter og småbåt hamn på Flatøyosen, og bustad område både på Flatøy og Fosse sida som vil ligge tett opp mot industriområdet.

Flatøyosen er et viktig og sentralt område for Meland kommune med tanke på kulturminne og kulturmiljø, naturmangfold og naturområde for rekreasjon, derfor bør ikkje utviding av industriområdet få øydeleggje dette. Vi meiner kommunen bør finna ei betre løysing dersom det skulle vise seg at det er behov for meir areal til næringsverksemnd og ikkje risikere å øydeleggje eit så verdifullt område.

Vi vil og vise til Meland kommune sin forpliktelse overfor "Den indre farleia"

Her er nokre punkt som er henta frå planen:

-Kommunene Bergen, Askøy, Meland, Lindås, Radøy, Austrheim og Fedje vedtar gjennom prinsippvedtak å følge Forvaltningsplanenplanen – dvs. innarbeide i alle relevante planer.

-Eit av kjerneområda er området rundt Lillebergen

-Industrianlegget på Flatøy blir dominante og lite estetisk mot leia

-Målet er å restaurere og revitalisere farleia. Vi vil spreie kunnskap om kystkulturen og legge til rette for økt nytte-, turist- og fritidsferdsel

Med venleg helsing

Dag og Åse Sudmann